



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Årsmøteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 20. mars 2024

Stad: Alværa misjonssenter

Tilstades:

42 oppmøtte på årsfesten. Av dei var ca 25 stk med på årsmøtet.

Ord til opning v/ Toril.

Salme.

Årsmelding:

Toril har skrive årsmelding, og les den.

Ingen merknad til årsmeldinga.

Inger Cesilie om ulike typar gudstenester:

Inger Cesilie starta frå 1. januar 2024 i ei treårig prosjektstilling i prostiet; diakon i prestestilling med særleg ansvar for sokna i Lavik og Bjordal/Ortnevik. Ho fortalte litt om bakgrunnen sin og om stillinga, og understreka at det er flott å sjå alt det gode arbeidet som skjer i Lavik. Når det gjeld tankar framover, syntet ho til soknerådet si målsetjing om å få større deltaking på ordinære gudstenester, og utfordra kyrkjelyden til å komme med innspel i samband med dette. Ho syntet i denne samanheng til ulike typar gudstenester ein kan tenkje seg; forteljargudsteneste, strikkegudsteneste, musikkgudsteneste m.m.

Økonomi:

Liv presenterer rekneskap, og det er ingen merknad til rekneskap og budsjett.

Årsfest:

Pølser med brød og kjøtkaker til middag. Samlingstund etterpå med underhaldning. Flott pianospel og song frå born og ungdom i Lavik. Toril fortel om Mali. Åresal etterpå der inntekta går til prosjektarbeid i Mali. Vi fekk inn 3950,- på åresalet. Kaker og kaffi til slutt.

13. april 2024

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen